



*Høyr kor kyrkjeklokka lokkar med ein høg og heilag klang, alle folk og alle flokkar til ein hugsam kyrkje-
gang! Sysken, lat oss kallet fylgje over berg og over bylgje, lat oss gå på kyrkjeveg glade både du og eg.*

Nr. 1

62. årgang

Påske 2021



Andakt

Lukas 23:39-43: *Den eine av forbrytane som hang der, spotta han og sa: «Er ikkje du Messias? Frels deg sjølv og oss!» Men den andre tala han til rette og sa: «Har du ikkje ærefrykt for Gud, endå du er under same dommen? For oss er dommen rettferdig, vi får berre att for det vi har gjort. Men han har ikkje gjort noko urett.» Og han sa: «Jesus, kom meg i hug når du kjem til ditt rike!» Jesus svara: «Sanneleg, eg seier deg: I dag skal du vera med meg i paradís.»*

Enkelt?

Påskefeiringa har ei lang historie. Den har røtene sine i bibelforteljingane om det vesle folket som var undertrykte slavar, som Gud sjølv valde å fri ut. Kanskje har du lese eller høyrte forteljingane frå mosebøkene eller sett filmen «Prince of Egypt» som handlar om unge Moses og oppdraget han fekk.

Det er fleire nesten banalt enkle handlingar som utpeiker seg midt i mange groteske og blodige detaljer frå forteljinga. Ikkje rart det blir film av slikt.

Tre enkle handlingar.

Landet du bur i er i krise. Farao på krigsstien og Gud sender plager på rekke og rad. Kva gjer du? Her er dei enkle råda: Mal blod på dørstolpen din, så går dødsengelen forbi og barnet ditt får leve. Seinare, når du har gått og gått og ikkje anar kor du skal og du held på å dø av svolt: Kva gjer du?

Samle brødet på bakken slik at du har nok til deg og dine for ein dag. Ikkje la deg freiste til å samle meir, for om du et det då, vil du dø av det. Og – når slangar har stukke og du og mange andre er i ferd med å dø av gifta. Kva er det enkle rådet du og alle får? «Sjå opp på den ormen som heng på pinnen der, så overlever du.»

Ville du gjort det? Er det enkelt?

Blodet – brødet – ein som heng på ein pinne, møter oss igjen når Jesus i påskehøgtida gir dei eldgamle hendingane frå Mosebøkene ein enno meir spissa bodskap: Eg gir mitt blod, slik at de skal leve. Eg er brødet du treng, kvar dag. Eg kjem til å henge på ein kross, og alt du treng å gjere er å gi meg blikket ditt, så kan ikkje eingong døden truge deg. Er det relevant? Er det enkelt?

Kyrkja har tolka og gjenfortalt nettopp desse hendingane kvar påske, kvar søndag, over heile verda, i alle dei åra, generasjon etter generasjon, og sikkert med både meir og mindre hell, men likevel i god tru!

Denne trua, den som fører til ei god handling for ein annan, den som deler det beste ein har med den andre, den er faktisk enkel.

Med ønske om ei god påske til deg,

Ingebjørg Vik Laugaland

VANG KYRKJE

Tyinvegen 5145
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Helge Lajord
Kyrkjetenar: Ola Bøland
Soknerådsleiar: Rita Helen Dalemark
rita.helen.dalemark@vang.kommune.no
Kontonr: 2146.60.18764
Vipps 590297

HEENSÅSEN KYRKJE

Hensåsvegen 300
2975 Vang i Valdres

Klokkar: Solveig Heimlid
Kyrkjetenar: Tore Hovda
Kyrkjevevje: Håkon Berge
Soknerådsleiar: Steinar Frøyen
steinar.froyen@gmail.com
Kontonr: 2146.30.09721
Vipps 129651

ST. TOMASKYRKJA

Filefjellvegen 715
2978 Tyinkrysset

Klokkar: Ola Bøland
Kyrkjetenar: Olav Bøland
Kontonr: 2146.60.04674
Vipps 118656

HØRE STAVKYRKJE

Hørevegen 350
2973 Ryfoss

Klokkar: Geir Kongslie
Kyrkjetenar: Andris Veflen
Kyrkjevevje: Andris Kjøs
Soknerådsleiar:
Marta Bjørnøy Lalim
martalalim@gmail.com
Kontonr: 2146.30.09969
Vipps 544817

ØYE KYRKJE OG ØYE STAVKYRKJE

Øyevegen 130/135
2977 Øye

Klokkar: Ola Bøland
Kyrkjetenar: Olav Bøland
Kyrkjevevje: Ove Trøen
Soknerådsleiar: Torild Øye
torild1707@gmail.com
Kontonr: 2146.20.55304
Vipps 118656

TILSETTE:

Sokneprest:
Ingebjørg Vik Laugaland
Tlf: 926 53 320
e-post: il597@kirken.no
Presten har kontor på Drengestøga.
Ta kontakt på telefon for avtale.

Kyrkjekontoret på Kommunehuset
Dagleg leiar: Guro Hovda
Sekretær: Jovita Budvytiene
Tlf: 61 36 95 90
e-post: gh575@kirken.no
Kontortid: 08.30-15.30

Kantor i alle kyrkjer: Arthur Bødvytis

Kyrkjegardsarbeidar ved alle kyrkjer:
Nils Bjarne Wangensteen
Tlf: 926 67 124
Felles e-post:
post.vangivaldres@kirken.no

Neste menighetsblad utkommer uke 24, frist for innsending av tekst og bilder er 12. mai 2021. Bidrag sendes på epost til vangmenighetsblad@gmail.com

Framsidedfoto: Underveis i blåtimen til kveldsmesse askeonsdag. Foto: Thor Østbye.

Spør

Kirkegårdene våre ligger med et hvitt og vakkert teppe over de gravlagte nå. Jeg får jeg av og til spørsmål om vi kan sørge for at ingen går rundt på kirkegårdene og lager spor, det kan virke forstyrrende. Som gravferdsforvalter kan vi selvsagt ikke det – det må være opp til hver enkelt om vi vil besøke gravene våre og tenne lys eller sette ned en blomst, enten det er sommer eller vinter. Jeg er enig i at et urørt hvitt teppe gir en ro over kirkegården. Men så hørte jeg en morgenandakt på radioen, som jeg synes var fin. Det var «spor» som var tema, og det jeg hørte var at når jeg går til bestemors grav, lager jeg spor til graven til ei som satte spor i meg.

Da skjønte jeg at uttrykket vi får på kirkegårder med spor, gir oss en ekstra og fin dimensjon.

Hjemmekontor

Vi på kirkekontorene har hatt hjemmekontor siden midt i januar og har hatt det greit med det, men fra uke 8 var vi tilbake og håper vi kan fortsette med det. Har du tenkt å besøke oss på kontoret, er du hjertelig velkommen, men for sikkerhets skyld kan det være lurt å slå på tråden først – i tilfelle ... Det skal bli fint å treffes mer, og nå ser det litt mer lovende ut.

Påske

Vi feirer snart påske, og vi håper du



finder gudstjenester du har lyst til å komme på. I skrivende stund er det igjen lov å samle 100 personer hvis vi har fysisk plass med nok avstand. Vi har ikke plass til så mange i noen av kirkene med avstandskravet, men ikke vær redd for å komme likevel.

Jeg vil ønske alle en riktig god påske!

Guro Hovda

Den nye redaktøren har ordet

Ingebjørg Wigdel har vore redaktør for Vang menighetsblad sidan 2003, etter fem år som redaksjonsmedlem. Ragnhild Hovda har vore redaksjonsmedlem heilt sidan 1984. Båe har altså lagt ned ein enorm innsats i mange, mange år for at bladet skulle bli så godt som mogleg.

No har dei båe ynkt å gje seg, og på vegner av menighetsbladet vil eg gjerne takke dei båe to. Eg har sagt meg viljug til å overta som redaktør etter å ha vore to år i redaksjonen - ikkje utan ei viss frykt, for det er store sko å fylle. Redaksjonen har avgjort å førebels halde fram med det resterande mannskapet: Jovita Budvytiene, Ivar Hemsing og Ingebjørg Vik Laugaland. Vi vil i stor grad halde fram det gode arbeidet som er gjort tidlegare og har ikkje planar om nokon «palassrevolusjon». Men ei og anna endring vil vel kome.

Det er umogleg for redaksjonen å gjere jobben aleine, så vi er heilt avhengige av å få tilsendt stoff. Kyrkjestoff er sjølvsagt hovudføremålet med bladet, men vi ynskjer også å spegle alt det andre positive som skjer i Vangsamfunnet. T.d. vil vi gjerne få til ein enkel presentasjon av dei som blir døypt. Vi vil gjerne ha informasjon frå friviljuge lag og organisasjonar, og der det er aktuelt, vil vi gjerne ha ei omtale av arrangement på førehand, som ein appetittvekkar, og sjølvsagt omtale etterpå!

Bilde er spesielt fint å få med, men dersom dette syner personar som kan identifiserast, må dei samtykke til at bildet blir publisert.

Eit lite hjartesukk: Alt kostar pengar, også å gje ut menighetsbladet. Utgiftene er nokså konstante og upåverka av inntektene. Dei siste åra har utgiftene vore større enn inntektene, og slik kan det ikkje halde fram i lengda.



Så dersom du synest bladet er interessant, vonar eg du vil betale bladpengar, frå kr 200 og oppover! Betalte du ikkje i fjor haust? I så fall kan du jo gjere det no! Kontonummeret finn du bakarst i bladet.

Redaksjonen er takksame for synspunkt frå lesarane. Vi ynskjer jo at bladet skal vere eit aktuelt magasin for alle som bur her eller på anna vis føler seg knytt til Vang!

Tekst: Sidsel Offergaard Jevne

Foto: Privat



Foto: ingridesign

Min påskesalme

Jeg er veldig glad i engelske carols. Denne salmen er opprinnelig en carol og heter «Now the green blade rises». Med en nydelige fransk melodi i moll fra 1400-tallet.

Teksten forteller oss om «hvetekornets lov» gjennom naturens oppvåkning når våren kommer. Enhver bonde eller hagedyrker kjenner godt til naturens lover. I salmen anvendes lovene om såing og vekst som et bilde på Jesu død og oppstandelse:

«Han blev hængd på korset, i en grav lagd ner!» (vers 2), og «Han var vetekornet, låg i jordens djup.

Han stod opp en påskdag, lever bland oss nu» (vers 3).

Salmen handler om Guds kjærlighet. Både naturen og dens lover, og at Jesu død og oppstandelse er uttrykk for Guds kjærlighet. I avslutningen av det andre og tredje verset står det: «Kärlek



med ditt ljus kom, kom och dröj hos oss kvar.» Våren er for meg kjærlighet og lys. Alt rundt oss blir grønnere, mer frodig og lysere.

Jeg gleder meg til våren.

Forfatteren heter Anders Frostenson

(1906-2006) og var en svensk prest og forfatter. Kjennetegnet for hans arbeid med salmer har blitt beskrevet som en streben etter å forenkle tekstene, og ut fra et teologisk perspektiv skape mer sangbare salmer.

Marta Bjørnøy Lalim

Kornet har sin vila

Kornet har sin vila djupt i frusen jord,
är ej dött, det väckes av ditt skaparord.
Kärlek från Gud, åt allting ger du liv.
Kärlek med ditt ljus kom, kom och hos oss förbliv.

Han blev hängd på korset, i en grav lagd ner.
Ingen enda väntar möta honom mer.
Kärleken når långt bortom död och grav.
Kärlek med ditt ljus kom, kom och dröj hos oss kvar.

Han var vetekornet, låg i jordens djup.
Han stod opp en påskdag, lever bland oss nu.
Aldrig en sol har lyst så stark och klar.
Kärlek med ditt ljus kom, kom och dröj hos oss kvar.

Väntande på värme vilar rot och frö,
vet att våren kommer. Varje träd och ört
brister i blom på sin bestämda tid.
Kärlek med ditt ljus kom, kom och hos oss förbliv.

Påske i kyrkjene 2021

Også i år lever me med smittevern-tiltak når me skal feire påske, men no har me eitt års erfaring og er betre budde enn i fjor på denne tida!

Me legg difor opp til fysiske gudstener i kyrkjene – med smitteverntiltak – slik og der me har vore i åra før. Sjå tid og stad på gudstestelista på baksida av bladet. Det blir påmelding til Jovita på kyrkjekontoret på sms til tlf. 486 24 468 til påskennattsmessa på

Heensåsen. Messa påskennatt og påskedag blir streama på kyrkja si Facebook-side. Du må ikkje ha profil på FB for å følge messa der.

Så er det kjekt med kjende og kjære gjester og venner av Vang som deltek saman med oss!

Eli Vatn leier gudstestesta på Haukåsen paldesøndag, Wenche Lie Lysne kjem som alltid frå Lærdal til St Tomaskyrkja på skjærtorsdag og

leier gudstestesta der, og me er også glade for at Øye stiller med Anny Holien til messa på St. Tomas 1. påskedag!

Dette er planen og nokre av høgdepunkta i skrivande stund. Plutseleg og nesten utan varsel kan dette endre seg dersom me får smitte i Vang. Me forventar difor at alle tåler endringar i planar som er lagde, men håpar på det beste!

Ingebjørg Vik Laugaland

Intervju med avtroppende redaksjonsmedlemmer

Som kjent har både tidligere redaktør Ingebjørg Wigdel og tidligere redaksjonsmedlem Ragnhild Hovda ønsket å avslutte sin mangeårige innsats for Vang menighetsblad. I den anledning har jeg hatt en prat med disse to nestorene i kirkelivet i Vang. Vi møttes i Ingebjørg og Magnors trivelige stue, og i tillegg til en hyggelig prat, kunne vi nyte nystekte vafler og den vakre utsikten.

Ingebjørg og Ragnhild forteller at Vang menighetsblad startet opp i 1966, men Ingebjørg fant også frem et enkelt nummer som antakelig var det første: påsken 1962. Det var sokneprest Bondahl som startet menighetsbladet og drev det alene. Kjell T. Lund fortsatte som redaktør da han begynte her som sokneprest i 1969, og han fikk med seg Ragnhild og Harald Hommedal i redaksjonen fra 1981. Disse fortsatte som faste redaksjonsmedlemmer også da Oddvar Johansen var sokneprest (fra 1983 til 1994) og da Carl Philip Weisser overtok i 1995. Harald satt i redaksjonen nesten helt frem til han døde i 2000, og Ragnhild altså ut 2020. Bjørn Skøre ble vervet til redaksjonen i 1997 og deltok med utallige bidrag helt frem til sin død i 2018. I 1998 ble også Ingebjørg ble med i redaksjonen.

Lenge var soknepresten redaktør, men i 2000 tok Ingebjørg over som redaktør – en ordning som altså har vedvart til ut 2020. Ingebjørg forteller at det har vært et veldig hyggelig arbeid, fra ende til annen. Det har ikke vært så mye arbeid, forteller hun – men jeg er ikke sikker på om det er helt sant.

- Hvilken bakgrunn hadde dere fra kirkelig arbeid tidligere? spør jeg, og Ingebjørg forteller at hun var leder i Vang sokneråd i to perioder, fra 1989 til 1997. Dette var givende og morsomme år, forteller hun, hvor de fikk gjort mye, bl.a. arrangert mange konserter. Ragnhild har utdannelse som organist med tanke på arbeid i kirken, men av praktiske grunner ble det undervisning i orgel og piano i stedet. Hun har også hatt to perioder som leder i Heensåsen sokneråd og bl.a. jobbet med utvidelse av kirkegården på Heensåsen. De forteller at de ikke gjorde aktivt bruk av menighetsbladet i soknerådsarbeidet disse årene.



Men de er skriveføre damer som har satt sitt gode preg på menighetsbladet. De har begge et stort kontaktnett som de har dradd nytte av - Ingebjørg som sekretær på VBU, Høre skule og kommunehuset, Ragnhild som musikk lærer, og begge som aktive i daværende Vang sanglag.

Ingebjørg og Ragnhild forteller at i begynnelsen var bladet på bare fire trykksider, men økte omkring 1990 til åtte sider. Etter hvert ble det tatt en beslutning om at bladet ikke lenger skulle ha «bare» kirkestoff, men også speile andre sider av vangsamfunnet. Da ble sideantallet økt til 24. Menighetsbladet burde være med på å skrive bygdas felles historie, og det ble uttrykt en formulering om å «se bakover, se fremover og leve i nåtiden». Likeså burde bladet forsøke å være aktuelt for alle aldersgrupper.

Jeg spør etter deres erfaringer fra alle disse årene i Vang menighetsblad, og da kommer det fra Ragnhild at det aldri har vært problemer med å få inn stoff. Folk har vært veldig positive og villige til å bidra. Ingebjørg supplerer med at det har vært «bare flott».

Hun fremhever spesielt tiden sammen med Carl Philip, som i likhet med Harald Hommedal var en pådriver for at bladet skulle ta inn også ikke-kirkelig stoff fra kommunen. Ellers har det kommet veldig lite konkrete tilbakemeldinger fra folk, forteller de, men mange kommenterer at bladet er fint og har mye interessant lesestoff. Inntrykket er at bladet blir lest av mange.

-Har det vært tungt noen ganger? spør jeg. -Har dere vært nær ved å gi opp hele greia? Nei, det har ingen av dem.

Ingebjørg med 22 år og Ragnhild med 39 år med helt gratis arbeid har aldri ønsket å gi seg! Og «ingen har turt å si oss opp!», ler Ragnhild.

Vi snakker litt om forskjellige programposter som menighetsbladet har hatt opp igjennom årene, og jeg får mange råd og tips til stoff som kan være aktuelt, både gjenoppbygning av tidligere programposter og nye ideer. Så de er fortsatt aktive bidragsytere til Vang menighetsblad!

Sidsel Offergaard Jevne



Vi les Bibelen saman

Kvar 2. (andre) søndag i månaden inviterer vi til bibellesing i Heensåsen kyrkje. Dette er eit lavterskeltilbod der alle kan kome og høyre høgtlesing frå Bibelen. Ta gjerne med eigen bibel for å følge med. Vi syng ein salme som passar til teksten eller etter ynskje.

Til slutt ber vi Fadervår.

Samlinga varer ein snau time.
Komande samlingar blir kl. 18.00:
11. april, 9. mai og 13. juni.

Velkommen!

Nyårsaftan

Høgtidsstemninga seig på allereie då eg var uti garden og hørde kyrkje-klokkene ringe inn høgtida. Klokkene ringde framleis då eg kom til kyrkje og vart hjarteleg møtt av lyfter på veg inn i kyrkja. I våpenhuset sat soknerådsleiaren og tok i mot med handsprit og listeføring. Ingebjørg prest og hjelparane hennar laga ei god høgtidsstund for oss som var samla i kyrkja denne kvelden, ei fin avslutning på det gamle året. Det var stort å ta i mot tre personar til dåp – å ta dei inn i kyrkjelyden vår her i Vang og i den verdsvide kyrkja.

Preiketeksten var frå Johannes 14,27: «Fred etterlet eg dykk. Eg gjev dykk ikkje fred på same måten som verda gjer det. Lat ikkje hjartet dykkar uroast, og ver ikkje motlause.» - Gode ord å ta med seg på vegen inn i det nye året.

Forbøna var dei ti bod med forklaringar lese av klokkar Helge og Ingebjørg. Salmane vi song var kjente og kjære som «No stig vår song» og «Vår lovsang

skal møte deg». Som avslutningsbøn las Helge nyårsverset – ein gamal tekst som vi i Lajord song nyårsaftan i «gamle dagar». Teksten er gamal, men høver framleis godt.

Nyttårsvers

*For sådan mildhets gaver
Fader i himmelrik
Som du oss givet haver
Vi takker inderlig.*

*I Jesu navn vi står
Og beder deg så såre
Gi oss lykke fore
Gi oss et glederikt år.*

*I Jesu navn vi står
Og beder deg så såre
Gi oss lykke fore
Gi oss et fredeligt år.*

*I Jesu navn vi står
Og beder deg så såre
Gi oss lykke fore
Gi oss et frugtbart år.*

**Tekst og foto:
Kristin Bakke Lajord**



Nye kondolansekort i Høre

Vi har i Høre sokneråd det siste året jobbet med å lage nye kondolansekort. Det gamle kortet var en tegning av kirka. Vi har dessverre ikke funnet ut hvem som har laget tegningene. Kanskje noen av leserne vet det? I så fall vil vi gjerne få beskjed!

Kortene har vært i bruk i nokså mange tiår. De hadde et format som gjorde det vanskelig å få konvolutter som passet. Vi har en del kort igjen, så hvis noen vil ha et kort: bare ta kontakt. De kan jo for eksempel rammes inn.

I menighetsbladet før påske i 2020 ba vi om bilder fra leserne til nye kort. Sven Ingar Moen var den som svarte og har nå gitt oss disse to bildene.

Nå er det store kortet i A5-format og papiret litt tynnere. Det lille kortet har

også fått et vakkert bilde. Vi har også sett på tekstene og fått hjelp av Ingebjørg prest til det.

Kortene fåes kjøpt på Joker Ryfoss. Så da håper vi at kortet med sine fine tekster og vakre bilder vil falle i smak.

**Tekst: Margrete Fagerheim,
Høre Sokneråd.**



Prestelis på prærien

Good Friday eller Langfredag?

Feiringar har gjerne med minner og vanar å gjere. Med nytt land følger nye vanar og måtar å feire ei høgtid på.

Eg hugsar eg undra lenge på kvifor langfredag vart kalla Good Friday. Eg fann aldri svar og slo meg til ro med at slik er det gjerne med tradisjonar, dei blei slik, og forklaringar om kvifor vart mindre og mindre viktig.

Så oppdaga eg at palmesøndag var «like stor» som julafta. Om du sjeldan brukte kyrkja på vanlege søndagar, så kom du i alle fall på palmesøndag. Ofte hadde me tog ute, med levande esel på palmesøndag, til jubel for store og små, men kanskje ikkje for eselet... Eg har nok tenkt at akkurat denne ideen hadde vore noko for oss og gudstenesta vår på Haukåsen.

Det var også lærerikt å jobbe i ei kyrkje der folk ikkje hadde påskeferie. Skjærtorsdag og langfredag var ikkje fridagar, og 2. påskedag hadde ingen høyrte om. Logisk eigentleg. Kven kjempar for dei kyrkjelege fridagane hjå oss?

Dagane vart likevel markerte med messe etter arbeidstid. Skjærtorsdag hadde fokus på fotvasking og nattverdsfeiring, og alltid etter den messa vart alteret rydda slik at det var heilt tomt. Ingen blommar, lysestakar, kvit duk eller bibel. Kun eit svart klede over alteret. Den

kvelden forlet alle kyrkjerommet i stillheit medan klokkene ringde 3 x 3 slag. Langfredagsmessa var utan musikk eller sang. Alteret svart og tildekkja framleis. Kun bibelforteljinga om lidinga vart lesen. Alle kom og gjekk i stillheit.

Kontrasten var stor då me nok ein gong møtte kvarandre til Sunrise Service på kyrkjegarden kl 06 på påskedagen! Då hadde me gjort klart eit trekors dekkja med hønsenetting, og alle som kom hadde med blommar slik at korset vart dekkja av flotte fargar og liv. Kvar gong ville eg synge «Dine hender er fulle av blomster» så det gjorde eg for meg sjølv, den kunne jo ingen andre. På denne messa kom gjerne metodistane og var med oss, sidan vår kyrkjegard låg fritt og fint på 1000 m o h med flott utsikt.

Frå soloppgangsmessa bar det rett inn i menighetshuset på påskefrokost med pannekaker, bacon, lønnesirup og fruktsalat som berre amerikanarar kan diske opp med! Vidare følgde eggjakt, ein variant av gjømmeleiken, mest for ungane, og så festgudsteneste kl. 11. Då fekk blomsterkorset komme inn i prosesjon, alteret vart igjen pynta og me sang salmene «alle ville ha».

Så påske vart det, der også!

The Reverend pastor Laugaland



«En gang i livet»-askeonsdag

Enten det er koronatid eller ikke, kan ting gjøres på nye og utradisjonelle måter. Denne askeonsdagen hadde Ingebjørg invitert til å gå på ski over isen fra Vennis til kveldsmesse i Vang kirke. Dette skulle hverken være skirenn eller skitrening, men en stille skitur – hver for seg, men sammen. Elleve personer tok utfordringen og gikk under Ingebjørgs ledelse over isen.

Vi startet i skumringen, og den lille månen skimret så vidt gjennom skydekket, men ga ikke særlig lys. Det var sur sno – og dét var nok ikke første gang, den langvarige kulda til tross – så snøen hadde i stor grad fokket seg og føret var ganske fast og fint.

Det er rart med det å gå på isen: det er ingenting å feste blikket på, annet enn lysene i det fjerne som langsomt blir større og tydeligere, og Vang kirke som gradvis blir større og kommer nærmere. Inntil vi støtte på overvann et par hundre meter fra målet og fortryllesen brast. Da ble det svære klabber hos flere av oss og slett ikke stillferdig lenger mens vi slet oss ut av klabber og uføre. Det var beregnet god tid og turen over isen tok bare en halvtimes tid, så noen ventet i kirken på første koronatilpassede pulje av messen, sammen med flere andre

som hadde kommet til kirken på enklere måte. Neste pulje ventet i varmen i Drengstøga og fikk en hyggelig prat.


Askeonsdag er en skikk som først er dokumentert i år 960, men ble gjort universell i den katolske kirke av pave Urban II i 1091. Dagen markerer innledningen til faste og har tradisjonelt vært en dag hvor man minnes menneskets dødelighet. I Den katolske kirke inneholder liturgien utdeling av askeskors, der presten tegner et kors i pannen på de troende, mens han sier noen ord som skal minne om menneskets dødelighet og/eller behovet for omvendelse: «Kom i hu, menneske, at du er støv».

I koronatiden har mye blitt annerledes. Det er for tiden ikke tillatt å samle mer enn 10 mennesker til gudstjeneste (pluss de som gjør tjeneste i messen) – uavhengig av om man befinner seg i knøttlille Undredal stavkirke eller i Nidarosdomen. I Vang kirke var det satt frem ti stoler omkring alteret, med minst 1 meter avstand, så det ble en tett og nær stund i kirken for to puljer med fremmøtte. Liturgien var kort og bestod av veksellesing, salmer og koronatilpasset tegning av askeskors. Ingebjørg holdt en kort preken med utgangspunkt i Jonas – han i hvalfiskens buk – og hans forsøk på opprør mot Guds vilje.



Deretter forestod tilbaketuren over isen. Det var akkurat like mye overvann, akkurat like mye klabber, men med godt samarbeid fikk vi skrappt bort is, slik at vi kom oss over. Én fikk riktignok ikke løst opp bindingene, men valgte å kjøre hjem i strømpeløst med ski og skisko i ett stykke bak i bilen ...

Tekst: Sidsel Offergaard Jevne
Foto: Anine Rauken Kattevold



Smart Oppvekst i Fredheim barnehage

No på nyåret har vi hatt besøk frå Tønsberg, av Smart-teamet. På grunn av restriksjonar har vi flytta kurset vi skulle hatt til barnehagens lokale, og det vart ei fin økt for alle saman.

I utgangspunktet skulle vi vere samla, både skule og barnehage. Då var alle fleksible og fekk ordna til at skula fekk sitt opplegg og barnehagane fekk sitt. Fredheim var i sitt lokale og hadde kontakt med Høre via Teams. Som vanleg så var det engasjerte og ivrige kurshalदार som var på plass.

Kva er Smart Oppvekst?

Vi i Vang kommune har eit satsingsområde som heiter Smart Oppvekst. Dette er eit tankesett som vi bruker aktivt. Hovudmålet til Vang er å byggje sterke og robuste barn og unge (1–16 år) som toler medgang og motgang, og som er gode på sosial kompetanse.

Kort forklart handlar Smart Oppvekst om å sette verdiar og grunnprinsipp (styrkefokus, medverknad, anerkjening, relasjonar og trening) i bevegelse for å byggje denne kulturen og fellesskapen.

Styrkefokus gjev eit hovudfokus på

personlege styrkar og det som fungerer bra. Medverknad gjer at alle stemmer er like mye verdt. Anerkjening gjev oss eit innsyn i korleis ting ser ut frå andre sitt perspektiv. Relasjonar gjer oss betre forhold til kvarandre. For å oppnå dette, treng vi systematisk trening, erfaringsdeling og uthald.

I dette tankesettet er det 20 karaktereigenskapar som blir take i bruk. Desse har fokus på å sjå etter positive eigenskapar hos kvarandre. Blant karaktereigenskapane er det samarbeid, respekt, humor, omsorg med fleir.

Når vi gjev kvarandre tilbakemeldingar med karaktereigenskap, så forklarar vi kvifor vi har gjort den eigenskapen. Har du fått tolmod som eigenskap, så får du også tilbakemelding om korleis du har vist tolmod. «Nå var du veldig tolmodig Per, fordi du venta på tur i sklia».

Smart i barnehagane

Vi jobbar systematisk med det å gje gode tilbakemeldingar, både til born og personale. Vi har jobba i ei periode med noko som vi har kalla «fokusbarn» og «fokusvaksen».



Frå venstre: Linn Tveiten, Henrik Kopstad Arnesen og Vidar Bugge-Hansen

Då har vi valt eit barn og ein vaksen kvar veke, som vi har fokus på å finne gode eigenskapar i. Til slutt så vil alle ha vore i fokus, og i slutten tå si veke i fokus så får dei belønning med eit diplom, der det står kva dei har fått og kvifor dei har fått det.

Vi kjem til å fortsette å jobbe med Smart Oppvekst framover, og finne nye opplegg som fungerer for både små og store.

Helsing frå Fredheim Barnehage

Geir Katevoll 50 år!

Geir var med i Vang skule- og ungdomskorps fram til han var om lag 25 år. Då meinte faren Thomas det var på tide med nye utfordringar for guten. Hausten 1996 vart han med i Øye og Fjellblom Sanglag og Fjellblom Musikklag, og har stilt opp trufast sidan den tid.

Geir er ein god musikar. Han held takta støtt, og når dirigenten gir beskjed om korleis han skal traktere stortromma under dei forskjellige musikkstykkene, så hugsar han det. Sjølv om det går lang tid til neste gong vi tek fram att stykket, så spelar han akkurat slik det skal vera.

Stortrommeslagaren vår er støtt i godt humør og er utruleg slagkraftig, både på stortromma og med kommentarane sine. På fyrste øvinga ein haust for nokre år sidan starta vi opp med eit vanskeleg musikkstykke. Då det stoppa opp, kom kommentaren frå Geir: «Detta låt omtrent som fòrturka på Kvåle.» Og det kunne ingen av oss vera ueinige i.

Geir har nå passert 50 år i fin stil, og vi gleder oss til å ha han med i korpset i mange år framover!


Tekst/foto: Tore Hovda



Geir med påskjonning frå korpset under 50-årsfeiringa.

Hamar bispedømme utfordrar til grøn handling

*Du ska itte trø i graset.
Spede spira lyt få stå.
Mållaust liv har og e mening
du lyt sjå og tenkje på.
På Guds jord og i hass hage
er du sjøl et lite strå.*



Diktaren Einar Skjæraasen frå Trysil famnar heile klima- og miljødebatten i nokre enkle verseliner. Når vi diskuterer utslippskvoter, utbyggingar, avfallsproblem og overforbruk, er det eigentleg dette det handlar om: å leve med grunnleggande respekt og ansvar for Skaparverket.

For å ta vare på det Gud har skapt må vi ta vare på miljøet og klima på jorda. Som Norges største medlemsorganisasjon har vi som kyrkje også stor moglegheit til å påverka handling.

Kyrkja som vegvisar

Kyrkjemøtet vedtok i 2019 ei uttale som oppfordrar Regjeringa, Stortinget og lokal folkevalde om å ta ansvar og handle for klimaet. Den norske kyrkje har sagt at vi vil ta vår del av ansvaret for å nå FN's berekraftsmål om å utrydde fattigdom, kjempa mot ulikskap og stoppe klimaendringane innan år 2030.

Berekraftsmåla er konkrete og ambisiøse. Dei forpliktar verdssamfunnet. Dei forpliktar det enkelte land. Dei forpliktar menneske. Dei forpliktar deg og meg.

Kristendomen er ein god ressurs inn i arbeidet med berekraft og skaparverk, og vi ser dette er viktig også i dei bibelske skrifter, slik som i salme 24, 1-2: «Jorda og det som fyller henne, høyrer Herren til, verda og dei som bur der, er hans. For Han har grunnlagt jorda på havet, grunnfest henne på strøymande vatn.»

Kyrkja har difor, i samarbeid med andre aktørar, gjeve ut «Berekraftsboka» (<http://berekraftsboka.no>) med gode innspel for den som er interessert i koplinga mellom kristendom og berekraftsmål.

Så kva kan vi gjere? Hamar bispedømme har miljøfyrtårn-sertifikat, og fleire enn 70 av våre kyrkjelydar er ein del av «Grøn kyrkje – miljøleining i praksis». Dette forpliktar. Berekraft handlar om å kutte i innkjøp og forbruk, reise mindre, men også om bevisstgjerung.

Det handlar om vilje til å skape ei betre verd. Byrjar vi i det små, vil det kunne vekse seg stort. Som FN's berekraftsmål nr. 17 seier: «Samarbeid for å nå måla.»

La 2021 bli det året der kyrkjelydar i Hamar bispedømme utgjer ein forskjell.

Vel eit grønt mål som alle delar av kyrkjelyden kan einast om og stå saman for å nå. Slik kan vi sette eit avtrykk, og inspirera andre delar av samfunnet til handling.

*Du skal ikke røre reiret,
reiret er ei lita seng.
Over tynne bån brer erla
ut sin våre varme veng.
Pipet i den minste strupe
skal bli kvitring over eng.*



*Du skal itte sette snuru
når du sir et hara-spor.
Du skal sjå deg for og akte
alt som flyg og spring og gror.
Du er sjøl en liten vek en,
du treng sjøl en storebror.*



Drømmen

*Drømmen drar strå til reiret.
Kvitrer for seg sjøl, lavmælt
som linerla
på tun der katten er herre.*

*Drømmen ser seg vårt omkring
med svarte perleøyne.
Smetter skygg inn i gjømslet sitt
med strået i nebbet.*

*Ingen må se.
Ingen må vite.*

Hans Børli

Kirkens Nødhjelp fortel om fasteaksjonen 2021

Susan har fått endra livet sitt

Seksbarnsmora Susan Miyambo (35) bur i landsbyen Kasalaulo i Zambia, i eit område der fleire tusen flyktningar frå Kongo har søkt tilflukt. For Susan var reint vatn berre ein fjern draum. Alt vatnet ho trong til mat, drikke og klesvask, måtte ho hente i ei skitten elv i nærleiken – og mange vart sjuke av dette vatnet. Alternativet var å gå fleire timar for å hente reint vatn, og med seks born å ta seg av, var ikkje det så enkelt heller.

Men sidan 2018 har ikkje Susan trengt å gå i timevis etter reint vatn. Kasalaulo, med sine 1753 innbyggjarar, er ein av dei mange landsbyane som har fått tilgang til vatn av Kirkens Nødhjelp. Det er viktig at heile landsbyen får eigarskap til vassystema som blir bygd. Difor samarbeider Kirkens Nødhjelp tett med lokale partnerar og vassingeniørar. Innbyggjarane er med på å legge til rette og vel ein eigen komité som vedlikeheld og har ansvar for vassforsyninga.

Susan er svært takksam for den nye brønnen, som ligg berre ein kort tur unna huset hennar. Ho er ikkje lenger bekymra for sjukdom forårsaka av



Brønnen i Kasalaulo i Zambia er rett utanfor huset til seksbarnsmora. Tilgang til reint vatn har forandra livet hennar. Ho kan mellom anna bruke mykje meir tid på å dyrke kassava og mango.

vatnet. No fryktar ho for Covid-19, særleg for å bli smitta der det er mange samla, som t.d. lange køar ved vasspumpa. Oppmoding hennar er at det blir bora endå fleire brønningar for å møte etterspurnaden, slik at endå fleire får tilgang til reint vatn og ein kan ha god avstand for å unngå smitte.

Tekst: Anette Torjusen
(Forkortet)

Sjølve innsamlingsaksjonen er frå 21. til 23. mars, men det er mogleg å gje eit bidrag seinare også.

Vipps: Send ditt bidrag til 2426
SMS: Send kodeord VANN til 2426 (250 kr)

Sett inn eit beløp på **gåvekontoen:**
1594.22.87493
Merk gåva med «Fasteaksjonen».

Vangskoret

For fem år sidan vart Vangskoret stifta. Koret er ei samanslutning mellom Vang Sanglag, som vart stifta i 1885, Øye Sanglag og Fjellblom Sanglag som vart samanslegne til Øye og Fjellblom Sanglag i 1975.

Vangskoret er tufta på tradisjonane til desse kora, og målet er å skape interesse for kor-song i eit sosialt godt miljø. Koret er eit kulturtilbod i Vang kommune, der alle med lyst og interesse for song kan vera med. Det å synge ilag er god mentalhygiene. Song knyter menneske saman, i eit kor får ein songarvenner.

I 2020 måtte vi la vere å øve ei periode på grunn av smittefare, og fleire av kormedlemmane har gjeve uttrykk for at korsongen var eit sagn. No øver vi,

men vi held god avstand, slik vi har fått hjelp av Norges Korforbund til å organisere oss.

Artur Budvytis er dirigent for koret, og på ein del av øvingskveldane er kona Jovita med og hjelper til. I februar hadde vi eit gjevande korseminar med Birgitte Rosenberg frå Norges korforbund avdeling Vestoppland. På programmet vårt no står vår-songar og nasjonale songar, og vi ser fram til å synge i kyrkja i Vang på 17.mai. Vi øver også på songar/viser laga av Halvdan Sivertsen, og vonar at den lenge planlagde konserten med han



kan arrangerast til hausten. Vi ynskjer oss fleire kormedlemmar, så velkomen skal du vera! Vi øver annan kvar torsdags- kveld på Åsvang og på VBU.

Tekst: Solveig Heimlid
Foto: Ingebjørg Wigdel



Romjulskonsert

Sundag 27. desember så inviterte Veronika Kashina, vår tidlegare organist og kordirigent i Vang, til konsert i Vang kyrkje. Ho hadde med seg Aleksandra Boiko på fiolin og Anastasiya Bazhenova på piano. Sjølv spelte Veronika kyrkjeorgel og fiolin.

Det vart ei fin stund der besøkstalet var 52, som var veldig bra og maks av det som var mogleg i forhold til korona. Veronika starta opp på orgel med Juleklokker av H. Sveås, der ein innimellom kunne høyre fragment frå kjente julesongar. Veldig fint stykke og flott spelt. Anastasiya spelte så Valse Brilliante av F. Chopin og viste at ho har det virtuose, men og mjuke anslaget i sine fingrar. Aleksandra hadde mellom anna ein fin versjon av A. Piazzolla sin Oblivion i saman med Anastasiya på piano.

Programmet var variert med innslag frå filmmusikk til klassisk musikk. Konser-



ten vart avslutta med alle tre i saman i stykket Hungarian Dance nr. 5 av J. Brahms.

Konserten var svært vellukka og eg trur nok at dei fleste i salen hadde ei god

oppleving denne kvelden. Vi takkar for kvelden og ynskjer Veronika med vener velkommen tilbake.

Tekst: Oddbjørn Skeie
Foto: Guro Hovda



Ved Tyin i januar. Foto: Sigrid Nystuen.

Påsketanker fra 2002

Vi går inn i påskeuken – denne undringens tid, også kalt den stille uke. En hel uke med fridager gitt oss for å holdes hellig. Til minne om Jesu lidelsesvandring til Golgata – for under pinselfest og skjend bli korsfestet som synder og gudsbepotter. Førråd av en av sine venner og dømt til døden av sine egne – jødene. Romeren Pilatus tvilte – han kunne ikke finne skyld hos den mannen som sto anklaget foran ham. Pilatus bad jødene velge – mellom Jesus og den fryktede fangen Barabbas, for det var skikk å sette en fange fri til påske. Resten av historien kjenner vi... Gud sendte sin Sønn, Jesus, til verden for at verden skulle bli frelst ved ham.

Man forstod det ikke den gangen og vi forstår det neppe i dag! Men å frelse verden er det gjort mange forsøk på – med store tap og mye lidelse og sorg. Det er et gedigent prosjekt.

Det var allerede på Jesu tid et så stort og alvorlig prosjekt at Guds Sønn, som var frelsen, ble korsfestet! Var Guds plan et drama som aldri skulle glemmes? Judas Iskariot, Jesu disippel, var tildelt rollen som angiver. Pilatus, romersk stattholder, fikk rollen som tvileren. Jødene – det folket Jesus tilhørte – fikk rollen som domsmakt. Var det der det glapp? Hadde Gud feilberegnet sine aktører – eller overtok jødene regien? Var ikke jødene sterke nok i sin tro på Gud? Eller var jødene redd for å tape anseelse? Spørsmålene er mange.

Det var spådd at en frelser skulle komme, og jødene ventet en Frelser av kongeformat – og så dukket en nasareer opp, sønn av en tømmer, født i en stall, unnfanget utenfor ekteskap. Hvordan kunne man i det jødiske hierarkiet forstå og ta imot noe slikt. Deres Jahve var vel mer intelligent enn det! Jesus, i deres øyne en sjarlatan. Som tillot seg å kalle seg Guds Sønn! Korsfest, korsfest!

Påskedags oppstandelse fra graven er Guds endelige mål for Jesu vandring blant menneskene. Jesus var gitt rollen som Guds synlige bevis på at Gud hadde en plan for menneskene! Mislyktes Guds plan? Nei, ikke Guds plan – men menneskene mislyktes. Med lukket sinn og hårdt hjerte møtte jødene Frelseren

Jesus. Som vi også i dag kan møte Jesus – med lukket hjerte og hårdt sinn.

I en av julesalmene synger vi «Akk, kom, jeg opp vil lukke mitt hjerte og mitt sinn og full av lengsel sukke: Kom, Jesus, dog herinn!» Men det er ved juletid, når mørke omkring oss er størst og Jesus er et lite nyfødt barn. Og barn er ikke farlig. Ved vårjevndøgnstider er mørket fortrengt av lyset – den stigende sol. Den voksne Jesus vandrer mellom menneskene, stiller krav, ber oss om å følge ham. Den veien er både kronglete og smal. Det er den vanskelige biten. Helst i mørke våger vi oss ut på den vandringen – tro og tvil – tvil og tro.

Lyrikeren Anna Sandnes sier det så riktig i diktet «Nattvandrar», om fariseeren Nikodemus, en av jødernes rådsherrer og tviler, som kom til Jesus om natten og bad om råd.

Nattvandrar

*Ja, slik er det.
Dette er eg, ein lærar i Israel,
rådsherren,
den høgvyrde mellom menneskja.
Som ein fredlaus går eg no,
mørket er ikring meg, og i meg.
Rådsvill er eg og utan glede.
Eg stundar mot forløysing.
Kva kan gje fred
til mitt sinn?*

*Kven er han – denne nasarearen?
Kan eg gå til han
og få svar på det uskynelege?
Skal eg – eller skal eg ikkje.*

*Eg er den rett-truande,
den lærde med eit æra namn.
Kanskje blir eg utstøytt
og gløymd for ettertida
om nokon får vite
kva tankar eg går med.*

*Sjå eg nærmar meg staden
der han bur.
Skal eg – eller skal eg ikkje.*

*Tvil og uro rasar i meg.
Skal eg heller snu
og gå attende
til mitt velvørde hus?*



*The Light of the World,
William Holman Hunt (1827–1910).*

*Men sjå – hans dør står open
endå det er natt,
det lyser frå eldstaden
som var eg venta.*

*Så får det bere eller breste.
Så får mi ære stå på spel.
Så får mitt namn
visne bort og gløymast.*

Mi sjel ropar etter liv.

Vi våger oss ikke inn. Vi lukker våre hjerter og stenger Jesus ute. Men for den som åpner hjerte og sinn blir langfredags sorgtunge «Naglet til et kors på jorden» til påskedags jublende «Påskemorgen slukker sorgen» - Jesu seier over døden løfter oss ut av mørket når vi synger «Han er oppstanden, store bud». Det er fullbrakt!

Tekst: Ingebjørg Wigdel

FRIST
FOR INNSENDING AV
STOFF TIL NESTE UTGAVE
12. MAI

Helsing frå ordføraren

«Påskemorgen slukker sorgen» er vel ein av dei finaste påskesalmane. I år er denne teksten ekstra aktuell, ikkje berre på grunn av det salmen eigentleg handlar om, men me treng å få slukt alle sorger kring det året me har vore inne i; koronapandemien har merka oss alle til evig tid.

Men no er det altså lys der framme! Etter påske er det lovd at det skal fløyme over, ikkje av mjølk og honning, men av vaksinedosar. Og det er vaksina, og at flest mogleg tek den, som gjer at me etterkvart kan vende tilbake til det normale liv att. Men heilt som det var før 12. mars 2020, trur eg ikkje det blir att i vårt verdssamfunn. Me kjem til å bli prega lenge, men påskebodskapen og trua på livet gjer at me må tenkje framover og sjå lyst på framtida.

Vang blir fylt opp av deltidssinnbyggjarar og gjester i påska. Alle ser fram til å nyte litt fritid, vere ute i forhåpentlegvis varm vårsol og kjenne at livet lever. Kyrkja ynskjer jo også at me skal delta på deira arrangement, for nokre er det eit høgdepunkt, andre likar betre å vere ute

i Guds frie natur og nyta skaparverket der. I desse tider er det ekstra viktig at me fastbuande og alle tilreisande oppfører oss i tråd med dei anbefalingar som overordna myndigheiter gjev oss. Då kan påska og ikkje minst tida etter påske verte enno betre for oss alle.

Ikkje alle har høve til å koma seg ut i friluft i påska. Då har me alle eit ansvar for å besøke, eller i det minste ringe den eller dei som kan føle seg litt einsame i høgtida. Det skal ofte ikkje så mykje til, men det kan bety utruleg mykje for den det gjeld. Vis at du bryr deg!

Vang kommune ynskjer seg fleire innbyggjarar. Eg og me i kommunen blir minna om at då må me leggje enno betre til rette for at folk skal framleis bu her, at me tiltrekker oss nye personar og at dei som har ein fot i Vang frå tidlegare, flyttar heim att. Tenestetilbodet må ut frå vårt økonomiske handlingsrom vere på topp i alle ledd, me har flinke folk som dagleg legg ned ein stor innsats og me må politisk ha klare mål for vår samfunnsutvikling. Me treng arbeidsplassar og bustader. Det er derfor gledeleg når me no kan få



lagt flotte bustadtomter i Ryfoss ut for sal, det er fleire nye tomtefelt i Vang på gang, på Åsvang byrjar tomtefeltet der å bli fylte og rundt meg i Øye er det dei to siste åra kome opp, og i ferd med å koma opp, fire nye bustadhus. Styrking av dei arbeidsplassane me har er viktig, samstundes som me treng nye kreative folk til å utvikle nye. Tida etter korona kan gje oss nye moglegheiter, det gjeld å gripe sjansen.

Påskemorgon kan nok ikkje løyse alle utfordringar me står over for, men me må ha framtidstru og kjempe for at lyset og livet kan overvinne alt det vonde. Eg ynskjer ein kvar av dykk ei retteleg fin påskefeiring!

Vidar Eltno

Pysjfest i Høre barnehage

Tirsdag 23 februar gjennomførte Høre barnehage sin årlige pysjfest. Februar er måneden hvor karneval står for døren, men Høre barnehage har de siste årene laget sin egen vri på dette. I stedet for dyre kostymer ankommer alle i barnehagen i pysjen sin. Vi ønsker å være med til å forminske kjøpepress for foreldrene, samtidig som barna syns det er kjempegøy. De aller fleste har en pysj, og de som ikke har kommer i koseklær. Vi startet dagen med lek og aking på barnehagens sitt område, før vi fant frem bålpannen og laget popcorn. Stemningen var på topp i finværet.

Etter lunsj så de største på film på avdelingen, mens de andre fikk seg en velfortjent hvil etter første etappe av dagens opplegg.

Dagens film var: Den gode dinosaur.

Vi avsluttet en vellykket dag med aktiviteter i gymsalen og på barnehagens uteområde.

Hilsen personalet i Høre Barnehage.



Samefolkets dag

Det var strålende solskin og mange blå i lufta då vi samla oss på Tyinkryset til feiring av samefolkets dag 6. februar. Vertskapet på fjellstova hadde laga flott i stand med alter av snø, trekors, brisk til pynt og halmballar å sitte på. Gudsteneste ute høver godt i korona-tida. Høgtidsstemninga fall på då Olav kyrkjetenar heiste det samiske flagget medan vi song Samefolkets sang. Gudstenesta vart leia av Ingebjørg prest med god hjelp av prost Carl Philip. Det var han som i si tid «fann opp» feiringa av dagen i Vang – første gong i 2005. Så dette var den 17. gongen vi feira her! På ein festdag som denne hadde prestane dei raude, fargerike stolaene sine.

Klokkar Ola las preiketeksten frå Matteus 22, 34-40 om det dobbelte kjærleiksbodet. Ingebjørg heldt preike og minte oss om urfolk, klimautfordringar og at vi like gjerne kan elske Gud og

vår neste.

Carl Philip spelte gitar til songane, og sidan det var kaldt denne dagen var det ei kort gudsteneste. Vi var ein fin kyrkjelyd med bygdefolk, hyttefolk og samar som bur andre stader i Valdres.

Etter messa kunne vi gå inn på fjellstova og kjøpe oss fantastisk god kjøtsuppe av reinsdyrkjøt med spesialbaka brød til. Her var det tid til prat og triveleg samvær, og Silje Helland underheldt oss med joik.

Tusen takk til alle for at de laga til denne flotte og verdige feiringa av samefolkets dag! Kanskje var dette starten på ein ny tradisjon for feiringa ?

Tekst: Kristin Lajord

Foto: Kristin Lajord, Torild Øye, Knut Erik Onstad og Carl Philip Weisser.



Rapport frå Vang kulturskule

Vang kulturskule har hatt ei litt vrien periode no under Korona. Våre lærarar har gjort ein flott innsats ved å legge opp til nettundervisning på for eks Teams, men dette kan aldri erstatte det å treffe eleven under fire augo. Vår situasjon har no ført til at vi har mindre elevar enn vanleg, dette ynskjer vi å gjere noko med. Vil du vera med som elev i Vang kulturskule, så meld deg på no!

Vi har ledige plassar på dei fleste instrument, mellom anna song, piano og gitar. Vår pianolærar gjennom mange år, Siri-Gro Solemsli, skal slutte til sumaren, men vi vonar å få ein ny lærar til hausten. Tusen takk til Siri-Gro for hennar innsats for song og musikk i Vang kommune, veldig mange er ho ein stor takk skuldig for deira musikk-

utvikling. Vi har hatt behov for vikarlærar i dans dette skuleåret, og ein stor takk til Mona Berge som har stilt opp fram til februar. Denne våren er nyinnflytta Victoria Ose vår danselærar, ho er teaterutdanna og vi vonar at vi kan nytte henne i fleire høve. Ragnhild Lund ønsker å slutte med sitt samarbeid med Vang kulturskule, og Victoria kjem og inn her og er kulturskulen sin nye teaterlærar. Takk så langt til Ragnhild, som framleis har store ønsker om å bidra innan teater i vår kommune. Alle skal ha fått infofolder frå kulturskulen med dette menighetsbladet, kanskje du finn eit tilbod som passar i din familie?

Tekst: Oddbjørn Skeie

Foto: Hallgrim Rogn, Oddbjørn Skeie



Finn vegen til Jesus!

Hjelp Maria, Peter og Johannes å finne vegen til engelen i den tomme grava, og vidare til Jesus! (Teikning: Kari Sortland)



Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

Bestill abonnement på sondagsskolen.no eller **22 08 71 00**.



Vitsar

Klassa hadde matteprøve. Ei av oppgåvene var slik:
«Eit hus har 5 etasjar. Kvar etasje har 20 trappetrinn. Kor mange trappetrinn må du då gå for å kome til toppen?»
– Enkelt, tenkte Ole, og skreiv: «Alle.»

- Korleis er den nye gitaren din?
- Eg måtte kaste han.
- Kvifor det?
- Den hadde jo eit stort hol i midten!

Finn fem feil

Maria Magdalena sprang og fortalde læresveinane at Jesus var stått opp frå dei døde. Dei to bileta er nesten like.

Finn du dei fem feila på biletet til høgre?

(Teikning: Kari Sortland)



Kva får du dersom du kryssar ein kalkulator med eit menneske?
Svar: Ein ven du kan rekne med.



Påskehilsen fra Vang mottakssenter

Livet på et asylmottak i Norge i 2021 er for de aller fleste et liv i uvisshet. Uvisshet om egen framtid, om når politiet banker på døra for å sende dem tilbake til et land de flykta fra. Uvisshet om far, mor eller søsken fortsatt lever. Uvisshet om hvor det ble av lillesøster som kom bort fra dem under flukten.

Uvisshet om drømmen de hadde, om et liv i fred, noensinne kommer til å bli virkelig.

For noen få andre er det glede å spore. Dagen da brevet fra UDI kom med positive nyheter om at de kan få bli i Norge. Endelig kan de begynne å planlegge en framtid med utdanning og arbeid, med håp om familiegjenforening og med en visshet om endelig å kunne sove trygt.

I denne tosidige virkeligheten møtes mennesker på mottaket i sentrum av Vang. De lever side om side, tett på hverandre med alle sine ulikheter og ulike kulturer.

Med dette som bakteppe møter beboerne på mottaket vangsamfunnet på ulike arenaer. De aller fleste stedene beboere og innbyggere i Vang møtes, blir fort gode møteplasser. Frivilligsentralen, biblioteket, skolen, butikken eller hvor

som helst egentlig, er alle arenaer for menneskemøter med stor verdi.

Og i møte med andre mennesker skjer det ofte noe godt. Om det så bare er utveksling av smil.

Et smil er kanskje det viktigste vi kan gi et annet menneske. For i smilet ligger en annerkjennelse av at vi ser den andre personen. Og det oppstår et lite øyeblikks felleskap mellom de som utveksler smil. Vi er til stede i den samme virkeligheten, akkurat her og nå.

Mottaket er et miniunivers av mennesker og kulturer med 22 ulike nasjonaliteter representert.

Med de restriksjonene vi alle er omfattet av lever menneskene på mottaket livene sine som best de kan, akkurat som alle oss andre.

Smittefaren er selvfølgelig reell på samme måte her som alle andre steder i samfunnet. Og på grunn av dette har livet på mottaket på mange måter endra seg det siste året. Mye av de organiserte aktivitetene og rutinene er borte, noe som har ført til at beboerne har måtte finne nye måter å samhandle og leve sammen på, inne på mottaket.

Men enn så lenge har vi i fellesskap med beboere og smittevernlege i kommunen klart å unngå å få smitte inn på mottaket. Det er vi svært glad for, og ikke minst stolte av!

Med denne måten å leve på vokser håpet og drømmen om en bedre morgendag seg enda sterkere.

Derfor passer det fint å ta med seg Olav H. Hauge sitt dikt, Det er den draumen, inn i påsken, til ettertanke for oss alle.

*Det er den draumen me ber på
at noko vedunderleg skal skje,
at det må skje –
at tidi skal opna seg
at hjarta skal opna seg
at dører skal opna seg
at berget skal opna seg
at kjeldor skal springa –
at draumen skal opna seg,
at me ei morgonstund skal glida inn
på ein våg me ikkje har visst um.*

God påske til alle fra
Vang Mottakssenter.

Egil Bjørnsland

Påskehilsen

frå biblioteket og frivilligsentralen

Vårprogram

Denne våren er det utfordrande å vite kva vi kan gjennomføre. Vi har lansert eit program med nokre av arrangementa vi ønskjer å få til ut over våren, alt er ikkje spikra i skrivande stund. Følg med på nettsidene våre eller kom innom for meir info!

Dei faste aktivitetane går som normalt, og dei har det blitt fleir av! Vi håper mange vil nytte vårt nye tilbod med **datafé**, der vi vil hjelpe dei frammøtte med smått og stort av digitale utfordringar. Vi har også plass til fleir rundt **lunsjbordet** på

måndagane, og dette er veldig trivelege samlingsstunder enten vi har eit tema eller berre skravler om laust og fast.

Teiknekollektivet er ein nyoppstarta møteplass for vaksne som ønskjer å teikne saman med andre. Torsdagskveldar i partalsveker møtast vi for uformelle, kreative utløp på biblioteket.

Påske

Påska nærmar seg med stormskritt, og biblioteket held ope som normalt alle dagar som ikkje er raude. Frivilligsentralen held stengt heile påskeveka. Vi minner om at vi framleis berre har ope for å gjere ærend – men dessverre ikkje for å «berre henge».

Bokbingo

Treng du ein dytt til å lese noko anna enn det du les til vanleg? Har du lyst til å utvide bokhorisonten, men veit ikkje heilt korleis? Biblioteket inviterer, eller utfordrar om du vil, til bokbingo! Les deg



fram til «fem på rad» ein eller fleire gonger.

Du vel sjølv om du vil lese eller høyre bøker som passar inn i dei 25 kategoriene på bokbingoarket. Skjemaet får du på biblioteket eller på heimesida vår. Vi trekk fine premiar i byrjinga av mai.

Bøker og film på nett

Som lånar ved Vang folkebibliotek har du tilgang til bøker og film på nett. Det du treng for å låne bøker og filmar direkte på datamaskina eller mobilen er eit nasjonalt lånekort med tilhøyrande pinkode.



Med appen Bookbites kan du lese eller høyre bøker på mobil eller nettbrett. For å sjå film kan du søke opp Filmbib eller Filmoteket på internett. Meir informasjon om tilboda finn du på heimesida til biblioteket, eller ta kontakt med oss for hjelp!

Helsing Marianne og Marte

FASTE AKTIVITETAR

Niste med noko attåt	Måndagar kl 11.30
Datafé - frå 8. mars	Måndagar kl 12.30
Lekseklubb	Tysdagar kl 15.30
Lesesirkel	Tysdagar i ny og ne
Norsktime med Elisabeth Sparstad	Onsdagar kl 12
Teiknekollektiv - frå 11. mars	Torsdagar partalsveker kl 19

Årsmelding for Øye Sokneråd 2020

Fra 1. januar 2020 vart Torild Øye leder og sekretær i Øye sokneråd, og medlem i fellesrådet. Nils Torstein Hermunstad nestleder, og medlem i fellesrådet. Siv Vestrheim kasserer. Jan Einar Hansen styremedlem, og Geir Tveit første vara. Vi har hatt tre møter og behandla 20 saker.

Den 6. februar vart Samefolkets dag feira for 16. gong i Øye. Då var soknerådet i Øye vertskap. Det var først gudstjeneste i Øye kirke med Carl Philip, etter messa var det hyggelig samvær på Øye skule. Med kaffe og kaker. Vangskoret deltok med flott sang. Og Silje Helland og Carl Philip fremførte samiske sanger.

Den 1. mars var det gudstjeneste på St. Thomas kirka med konfirmantene. Da ble det servert kaffe, saft og kaker. Så kom det korona. Det var meningen

vi skulle ha gudstjeneste i St. Thomas kirka i påsken, men det gikk ikke p.g.a korona. Da ble det streama gudstjenester i Øye Stavkirke isteden. Det ble et godt alternativ.

Den 23. juni var det gudstjeneste ute ved Øye stavkirke i stedet for inne. Alle som møtte opp ble registrert for senere smittesporing, men det gikk heldig vis bra. I sommer var det bønnekveld i St. Tomaskirka hver fredag kveld. Men det var ikke så mange som møtte opp.

Den 4. oktober var det presentasjon av konfirmanter i St. Tomaskirka. Soknerådet serverte brus og twist.

Den 24. desember var det gudstjeneste i Øye kirke. Vanligvis bruker kirka og være fullsatt julaften. Men i år var det påmelding og registrering, og ca 20 til stede. Det var barnefamilier fra Øye



som kom.

Regnskapet for 2020 er godkjent. Tusen takk for et spesielt år. I 2021 håper jeg vi blir kvitt korona, og kan leve normalt igjen.

Hilsen Øye Sokneråd ved sekretær og leder Torild Øye.

2020-året me seint kjem til å gløyme

Året 2020 starta som normalt, alle hadde starta å lage planer for Vangsheimen gjennom året. Me skulle få inn matgledetorpset, få inn fleire frivillige som t.d. besøksvenn og starte eit samarbeid for å få dei unge meir innom på Vangsheimen. Dette gjaldt då både babysang, barnehagen og besøk frå VBU.

Allereie i slutten av februar fekk me dei fyste meldingane om at det var oppdaga eit virus i Kina, som var venta å smitte i heile verden. Leiarane her på Vangsheimen fekk då beskjed om å starte førebuing på at dette òg kunne nå hit til Vang, og me starta med å friske opp att smittevernreglar og prosedyrar med dei ansatte. Det var òg mykje som måtte kjøpast inn slik at me var godt førebudd på det som kunne komma.

Pasientane merka nok ikkje mykje til dette, og me har gjennom heile 2020 prøvd å lage kvardagen så normal som mogleg for dei som bur her. Det er ikkje til å legge skjul på at dette har vore eit svært utfordrande år for pasientar og pårørande.

Vangsheimen fekk òg i oppdrag frå alle kommunar i Valdres å opprette ei smitteavdeling, denne skulle kunne ta imot smitta eldre som trengte medisinsk hjelp. Dette vart eit samarbeidsprosjekt og avdelinga skulle ha ansatte frå alle kommunane i Valdres. Etter kvart vart det mykje avisskriving og blest rundt denne avdelinga.

Uansett er denne avdelinga fortsatt klar, men no kun for innbyggjarar i Vang, og

heldigvis for oss har dette ikkje vore eit behov i heile 2020.

Fokuset vårt gjennom heile perioda har heile tida vore at dei som bur på Vangsheimen, skal ha ein så normal kvardag som vanleg. Me var tidleg ute med å lage besøksrom, sette i gang song, andakt og hadde aktivitorar opp i avdelingane fleire dagar i veka.

Me kjøpte òg tidleg inn digitalt utstyr, slik at dei som var her kunne kommunisere, samt sjå sine nærmaste.

I sumar var, som alle veit, smittesituasjonen ganske roleg og pasientane kosa seg ute, dei reiste på turar med sine nærmaste og hadde nok ein så normal kvardag som me kunne tilrå. Me opna dagsenteret att i juni 2020 og dette var eit veldig etterlengta tilbod. Då fekk me bekrefta det me hadde frykta, at denne pandemien hadde gått hardest ut over dei heimebuande. Fleire hadde vore mest isolerte i heimane sine og fulgt anbefalingane som kom, noko som resulterte i isolasjon. Fyste dagen dagsenteret opna var det tårer og smil på alle saman. 1. juni opna me opp att for frisør og fotpleiar. Dette gjorde òg veldig godt for mange

Resten av året har gått opp og ned, med tanke på smittesituasjonen i Norge, men me har halde på dei tenester og aktivitetar som me ser er viktige for brukarane. Veldig koseleg var det når me fekk besøk av Lucia frå barnehagen, og dei gjekk ute og song for bebuarar og dei



som var på dagsenteret denne dagen. Dette sette alle stor pris på

I Miljøtenesta fekk me dei same opplysningane i februar. Det vart òg her satt fokus på dei rutinane me hadde for blant anna smittevern og lagt opp til tiltak om viruset skulle nå hit til Vang. Frå mars har me fleire gonger prøvd kva det ville seia å væra i karantene. Ein fekk fort erfare kor sårbar ein vart med tanke på personalressursar og vanlege aktivitetar. Ein måtte blant anna stenge ned aktivitets- og arbeidstilbodet i ei kort periode, men dette kom heldigvis i gang att i mai 2020.

Ein stifta bekjentskap med heimekontorløysingar og kohortar. Takk vere fantastiske tilsette og godt motiverte tenes-




temottakarar gjekk dette bra. Ein fann andre løysingar på å gje kvardagen eit aktivt innhald, sjølv om det vart noko annleis. Det vart m.a. mykje aktivitet ute i friluft i denne tida.

Miljøtenesta har òg mange tenestemottakarar ute i kommunen, og der såg me ei utfordring med å oppretthalde same tenestetilbod for alle. Dette var beklageleg, men naudsynt i ei periode.

Tilsette som arbeida ute i kommunen, gjorde ein god jobb med å følgje rutinar og dei reglane som etter kvart kom. Nokre av tenestemottakarane vart heilt isolerte om tenesten vart take heilt vekk, så desse beholdt bistanden under strenge tiltak.

Mot sumaren 2020 vart det mogleg å opne opp att for desse tenestene, noko som vart svært godt motteke. Etter sumaren har, som tidlegare nemnt, smittetala i Noreg gått litt opp og ned.

Me har framleis stort fokus på å følgje



reglane som kjem for å hindre ei nedstenging av tenester og ser fram til den dagen ein kan få vera meir fleksibel att. Målsettinga framover er at me kan oppretthalde tilbodet slik det bør vera.

**Med vennleg helsing leiarane IHT
Rita Helen Dalemark , Elisabeth
Haalien, Joanke Tito
og Stine Solemsli**



BUA ER OPEN!


4. februar 2021 opna BUA Vang - med brask og bram! I BUA kan du låne ski, truger, akematter, bålpanne, telt, soveposar - og ein masse andre ting til friluftsliv, sport og lek. Heilt gratis!

Are er på plass bak disken og har allereie fått lånt ut ein god del artiklar. Pakize på 4 1/2 år var den aller første kunden i BUA, saman med foreldra Feyza og Salih. Stor stas både for oss og dei!

BUA ligg mellom Drengestøga og Vangsheimen. Vi har ope tysdagar og torsdagar kl. 15-18. Kom innom for

drop-in-lån eller reserver på førehand. Etter kvart vil du også kunne hente/levere utstyr du har reservert på biblioteket. Du kan sjå alt utstyret vårt på bua.io/bua-vang. Der opprettar du også ein profil for å bli lånar. Alle over 18 år kan opprette profil og legge til sine ungar som medlånarar slik at dei kan låne sjølv i BUA.

På opninga vart snora høgtidleg klypt av ordføraren, før 6. klasse ved VBU tok på seg oppgåva å teste alt av akeutstyr. Det gikk så det suste på jordet bak BUA! Varm saft og kanelbollar rundt bålpanna hjelpte på når gradstokken viste 20 minus – og med sola som titta fram vart dette rett og slett ein fantastisk



dag. Etter å ha jobba med å etablere ein utstyrssentral i fleire år er det herleg å endeleg kunne ta tilbodet i bruk!



Messen er lagt på is!

Som kjent er koronatiden over oss. Da er det viktig å tenke «utenfor boksen»! Man får ikke lov til å samles mer enn et ganske lite antall mennesker innendørs – så hva gjør man da? Flytter utendørs, selvfølgelig. I dette tilfellet på Vangsmjøsa, like nedenfor kommunesenteret.

Ca 20 mennesker hadde trosset omkring 14 kuldegrader og tynn frosttåke over Vangsmjøsa. Nordmenn mellom 15 og 87 år og andre som har bosatt seg i Vang – for kortere eller lengre tid – er satt opp med varme klær og friskt mot og møtte til messe på isen 24. januar. Det var fyrt opp bål, og røyken gikk litt i alle retninger. Ingebjørg og Helge gjennomførte en sterkt forkortet liturgi, tilpasset kuldegradene.

Dagens preken dreide seg om møteplasser, som den første av tre messer med dette emnet – og konfirmant Ådne (som fremstilte Gud) og de to kirkevervene (som representerte oss mennesker) illustrerte til Ingebjørgs regi muligheter for møteplasser mellom Gud og oss. Poenget var bl.a. at Gud oppsøker oss, og veien til Gud går gjennom Jesus.

Ola ringte med kirkeklokkene som ved en vanlig messe – og holdt seg klokkelig innendørs. Orgelet kunne ikke flyttes utendørs, og Jovitas fiolin ville heller ikke ha det godt på isen. Men blokkfløyten til Ingunn fungerte utendørs, så

Ingunn overtok som organist for anledningen. Og vi andre hadde tatt med oss sitte-/ståunderlag og varm drikke og - i alle fall de fleste - holdt varmen både under den ½ time lange messen og til en hyggelig prat etterpå. Som en bonus kom sola mer og mer igjennom frosttåken og viste fram Vangs mektige natur på sitt aller vakreste.

Takk til Ingebjørg og Vang sokneråd for en annerledes messe!

Tekst: Sidsel Offergaard Jevne
Foto: Ivar Hemsing og Sidsel O. Jevne



Foto: Ivar Hemsing



Bruk bygdas egne bedrifter

Ala Camping	93 42 94 02	Mjøsvang Kafe	99 56 70 54
Alle Gode Ting Er Tre	48 09 59 48	Montér Kvismo	61 36 81 85
Bøflaten Camping AS	61 36 74 20	Ola Grøv – kontor og regnskap	61 36 77 13
Bjørke Direkt, v/ Eivind Dahl	91 79 71 97	Pelssau, Bente Wangensteen	99 71 43 18
Bjørn Hammerstad Transport	90 84 15 00	Rogn Bil og landbruk	
COOP PRIX avd. Fjellvang	61 36 75 30	v/Odd Harald Rogn	61 36 82 16
Egges Mekaniske AS	91 19 29 14	Ryfoss Bensin & Service	61 36 82 30
Elektrisk Installasjon AS,		Ryfoss Betong A/S	61 36 44 00
v/Kjell Arne Dalåker	61 36 70 56	Ryfoss Treningssenter	48 12 42 52
Elektromontasje,		Tveitabru Bygg AS	61 36 81 02
v/Vidar Wangensteen	48 26 73 64	Tyin Filefjell Skiheiser	46 66 56 65
El-Montøren AS v/Tørris Helle	90 96 83 00	Tyin Filefjell Utvikling AS	61 36 77 48
El-Tjenester, Stein I. Sæternes:	99 55 18 17	Tyinkryset Fjellstue AS	61 36 78 00
Filefjell Kjøpesenter,		Tyinlam	99 46 61 15
v/Arnfinn Hermundstad	61 36 77 17	Valdres Gjensidige Brannkasse	61 36 07 11
Føsse Frisørstudio	94 89 12 05	Valdres Gravsteinsindustri	95 17 55 95
Grindaheim Bygg &		v/Jon Magnus Hjelle	
Restaurering v/ Bøye Kvale	91 30 13 14	Vang Auto-service AS	61 36 75 00
Harald Thomas Jevne, Tømrer	48 29 29 06	Vang Bunadsaum	61 36 70 37
Haukåsen Sølvis Saum	95 91 55 06	Vang Bygg AS v/John Myhre	97 51 95 37
Heen Tre - Nils Harald Heen	90 93 29 57	Vang Grave- og Transport-	
Helsing Maskin AS	99 23 03 36	service AS	95 87 90 04
IngWi modell	91 78 01 38	Vang Maskin AS	91 10 19 28
ingridesign: Logo & Layout	91 71 05 40	Vang Rør	99 52 22 22
Intersport Filefjell AS	61 36 73 46	Valdres Sparebank, Vang	61 34 36 00
Joker Ryfoss AS	61 36 80 77	Øye Bygg og Bo AS	61 36 87 68
Jotun Bygg AS	99 69 06 30		
Jotun Kraft AS	61 36 75 50		
Kampenens Begravelsesbyrå	61 36 17 70		

*Slekters
Gang*



Vang sokn

Døyt:

31.12.20: Kristofer Veri, Kaja Järve

Død:

30.12.20: Magnus Olai Eidsvoll

21.01.21: Per Hytten

MENIGHETSBLAD FOR VANG

Utgjevar:

Sokneråda i Vang

Redaksjon:

Sidsel Offergaard Jevne, Jovita
Budvytiene, Ivar Helsing,
Ingebjørg Vik Laugaland.

Redaktør:

Sidsel Offergaard Jevne
vangmenighetsblad@gmail.com

Rekneskap:

Kyrkjeleg fellelsråd
Kontonummer: 2146.30.04444

Merk:

Bladpengar kr. 200,- og oppover
Annonse kr. 200,- pr. år

Trykkes i 900 eks. fullfarge.

Kondolanseskort

Kondolanseskort er å få
kjøpt hjå Coop Fjellvang,
Bygger ´n Øye, Joker Filefjell
og hjå Vang Autoservice.

Helsing
Vang og Øye
Sokneråd

Kondolanseskort

Kondolanseskort kan
kjøpast hjå Arne Straum
og hjå Joker Ryfoss.

Helsing
Heensåsen og Høre
sokneråd



Foto: Oddvin Allmenning

Gudstenesteliste

28. mars - Palmesundag

Haukåsen kl. 13:00

Gudsteneste v/prest Eli Vatn og organist Budvytis

31. mars - onsdag

Vangsheimen kl. 13:00

Skjærtorsdagsgudsteneste med nattverd

1. april - Skjærtorsdag

St. Tomaskyrkja kl. 12:00

Gudsteneste v/prest Wenche Lie Lysne

Høre stavkyrkje kl. 19:00

Gudsteneste med nattverd v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

2. april - Langfredag

Børrelia kl. 12:00

Pasjongsgudsteneste v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

3. april - Påskeaftan

Heensåsen kyrkje kl. 23:00

Påskennattmesse v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

➔ Påmelding: SMS til tlf. 486 24 468

4. april - Påskedag

Vang kyrkje kl. 11:00

Høgtidsgudsteneste med nattverd v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

St. Tomaskyrkja kl. 12:00

Høgtidsgudsteneste med nattverd v/vikar Anny Holien

5. april - 2. påskedag

Høre stavkyrkje kl. 11:00

Gudsteneste med påskevandring ute v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

18. april - 3. søndag i påsketida

Vang kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste med nattverd v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis. Overhøring av konfirmantkullet 2021

21. april - onsdag

Vang kyrkje kl. 10:30 Morgonsong

24. april - laurdag

Øye kyrkje kl. 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste med nattverd v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

25. april - 4. søndag i påsketida

Vang kyrkje kl. 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste med nattverd v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

1. mai - laurdag

Heensåsen kyrkje kl. 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste med nattverd v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

2. mai - 5. søndag i påsketida

Høre stavkyrkje kl. 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste med nattverd v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

6. mai - torsdag

Vangsheimen kl. 13:00 Andakt

13. mai - Kristi Himmelfartsdag

Heensåsen kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste med nattverd v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

17. mai - mandag

Vang kyrkje kl. 10:30

Gudsteneste med nattverd v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

19. mai - onsdag

Vang kyrkje kl. 10:30 Morgonsong

23. mai - Pinedag

Vang kyrkje kl. 11:00

Høgtidsgudsteneste med nattverd v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

24. mai - 2. pinedag

Høre stavkyrkje kl. 11:00

Gudsteneste med nattverd v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis. Overhøring av konfirmantkullet 2021

5. juni - lørdag

Øye kyrkje kl. 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste med nattverd v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

6. juni - 2. søndag i treeiningstida

Vang kyrkje kl. 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste med nattverd v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

9. juni - onsdag

Vang kyrkje kl. 10:30 Morgonsong

10. juni - torsdag

Vangsheimen kl. 13:00 Andakt

12. juni - lørdag

Heensåsen kyrkje kl. 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste med nattverd v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

13. juni - 3. søndag i treeiningstida

Høre stavkyrkje kl. 11:00

Konfirmasjonsgudsteneste med nattverd v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

23. juni - Jonsok

Øye stavkyrkje kl. 19:00

Gudsteneste v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

27. juni - 5. søndag i treeiningstida

Heensåsen kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste med nattverd v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

20
Elektromontasje
elkønor

- har betalt denne utsendinga av

VANG MENIGHETSBLAD